

ET
NOX
IN
DIEM
VERSA

**KJELL
HABBESTAD**

THE LATVIAN RADIO CHOIR
SIGVARD KĻAVA | CONDUCTOR

ET NOX IN DIEM VERSA

Alt er ein sirkel, på ei vis —.

Til dømes har eg alltid sett kalenderåret for meg som eit hjul, der januar startar nedst i botnen. Så stig året oppover på vestsida, mot juli kl. 12-13, slik at Jonsok står i nord og jul i sør, med sommar- og vintersolkverv som dei 'magnetiske' polar. På same vis er kyrkjeåret ein sirkel — advent og jul i tidsrommet kl. fem-seks, nyår kl. seks, openberringstida fram til halv åtte, fastetida frå halv åtte til halv ni, pasjon so — og påskedag mellom ni og halv 10, pinse halv 11. Så fylgjer den lange pinsetida, eller treiningstida, som me for sa; også kalla 'det festause halvåret', resten av sirkelen; til det nærmar seg enden av kyrkjeåret, med Helgemes og Domssundag (kl. 16-17), for me atter går inn i adventstida.

Også fargane kan stillast i ein sirkel, frå mørkt til ljost, med diametrale komplementærfargar — og i musikken finst kvintsirkelen. Dei tre første spora på denne CD'en, *3 Cantica*, nyttar seg av denne sirkelen, med tritonusavstanden C i 'nord' og Fiss i 'sør' som motpolar og komplementærtonalitetar. Tritonusintervallet spelar òg ein stor rolle, særleg i *Magnificat*, og den *tolvharmoniske* sirkelen i alle tre.

Kyrkjeåret teiknar frelseshistoria og plasserer heile nytestamentet i *ei* vend kring sirkelen — Maria bodskapsdag, Jesu fødsel, openberring, gjerning, lidning, død, oppstand, himmelfart, til-delinga av Den Heilage Ande, osv.

Verka på denne CD'en er ordna i noko så nær ein slik sirkel. Titelen er henta frå ei strofe i julesalma *Det hev ei rose sprunge*, 3. verset: «og natti vart til dag.» — *Et nox in diem versa* —.


Cantica, eller *Tria Cantica Testamenti Novi* / *Tre nytestamentlege cantica* utgjer opus 1. Det er nok berre den første av dei, *Magnificat* (1978) som fortener nemninga fullt ut; dei to neste kom noko seinare og etter andre verk; *Nunc dimittis* i 1979 og *Benedictus Dominus* i 1983. Sidan dei emnemesig høyrer saman, vart dei likevel samla i eitt opus.

1 Magnificat, op 1a (1978) for 2 sopransoli, kor (SSAATTBB) og orgel, har fylgjande bibelhistoriske bakteppe: Ein engel send av Gud fortel Maria møy at ho skal få ein son og kalla han Jesus. Han skal vera konge over Jakobsætta i all æva. Maria fer av stad til slektningen sin, Elisabet, som har fått ein liknande bodskap (om døyparen Johannes). I møte med Maria kvad Elisabet dei orda kyrkja seinare inkluderer i Ave Maria-teksten: *Benedicta tu in mulieribus et benedictus fructus ventris tui* / Velsigna er du mellom kvinner og velsigna er ditt livs frukt! Og Maria svarar:

Magnificat anima mea Dominum / Mi sjel høglvar Herren.

Som kyrkjemusikkstudent ved Noregs musikkhøgskule fylgde eg eit kurs i komposisjonsteknikk. Ei av oppgåvene var ein sats med utgangspunkt i akkordar danna av *ein*, fritt vald, intervalltype (t.d. liten sekund, stor sekund, rein kvart e.l.).

Mitt tekstval fall på *Magnificat*, som altså har opningsorda: «Mi sjel». Til 'sjel-akkord' valde eg *tritonus*-intervallet — med *ein* leietone som strevar oppover, *ein* (septim) som strevar nedover, og ein stabil kjerne (grunntone, om ein betraktar akkorden som ein dominantseptim):



For å motverka dominantstrevinga mot ein tonika, flytte eg akkorden eitt heilt tonesteg ned. Deretter halvtanna tonesteg, så eit heilt, så halvtanna etc. med fylgjande harmoniske rekkje som resultat: B7 – Ass7, F7 – Ess7, C7 – B7, G7 – F7 etc.) Dette skapar ei konstant veksling mellom dei to heiltoneskalaene, og dannar ein 'tolvharmonisk' sykklus på 24 akkordar — før ein er attende i utgangspunktet.

Akkordane vart så spreidde ut over notearket, ein pr. takt i 24 takter, i ein fallande serie med repeterande oktavregister pr. 8. takt. Så var det å finna melodiske vegar frå eine tritonusakkorden til neste.

Komposisjonen vart forsynt med ein 'objektiv' kyrkjespråkleg tekst (latin), hovudsakleg i koret, i kombinasjon med ein 'subjektiv'/heimespråkleg tekst (nynorsk, evt. engelsk), i solostemmene.

Framfor å opna verket med stor bravur, valde eg å skildra ei undrande og ottefull Maria innfor den store livsgjærninga ho var blitt kalla til. Komposisjonen startar med ein meditasjon over ordet 'anima' (sjel), melodisk representert ved tritonus-intervallet. Koret smakar òg på 'sjel-akkorden' og betraktar den frå ulike vinklar. Så startar den harmonisk fallande sykklusen under solistduetten *Magnificat anima mea Dominum*.

Den same sykklusen på 24 takter vert vidareført i partiet *And my spirit hath rejoiced in God* — no i ein meir uttalt heiltoneomgjevnad med skifte mellom dei to skalaene. Delen endar i eit stort heiltonecluster.

Ved satsdelen *For he hath regarded* snur 'hjulet'. Syklusen er no *stigande* i 2 x 24 takter. Preget har endra seg til varsamt gledesutbrot, i solistduetten, i jazzinspirert ande over eit bassgangfundament.

I neste del held den harmoniske serien fram i ein *anglican chant*; ei spesiell resitasjonsform nytta i den anglikanske kyrkja. Den naturlege tale-

rytmen i umetriske tekstar (t.d. Davids-salmar) vert applisert på ein firestemmig sats med fast mønster på sju eller 14 takter. Storparten av orda vert fritt deklamerte på resitasjonsakkordar i 1., 4., 8. og 11. takt; dei resterande stavingane vert tilpassa tonane ved enden av kvart halvvers.

Det einaste som her avvik frå tradisjonen er gjennomføringa av den harmoniske tritonus-progresjonen. Ikkje eingong det avsluttande Amen får si oppløysing i ein tritonusfri klang.

Det er sannsynleg at den anglikanske chanten i si tid vaks fram for å gje muskalsk drakt til *morsmåls*versjonen av psalteret — tilsvarande Luthers tankegang. Same idé har i denne innspelinga medført at eit *norsk* kor får attgje ein samla versjon av tekstinnehaldet — på morsmål. Oslo Domkor, dir. Vivianne Sydnæs og med Kåre Nordstoga ved orgelet, framfører soleis dei norskspråklege chants, som i alle tre cantica vekslar med Latvia Radiokor i ein spanande kor-stafett.

Magnificats første del på 24 takter vert til sist rekapitulert — og hjulet stoppar i ein stor Ess-durakkord.

Verket vann 1. pris. i TONOs korkomposisjonskonkurranse i hove 50-årsjubileet i 1978, og vart underteikna sin debut som komponist.

2 Nunc Dimittis op. 1b (1979) for barytonsolo, kor (SSAT/ATBB) og orgel vart tinga av Nordstrand kyrkjekor, dir. Terje Kvam, som respons på *Magnificat* som dette koret framførte under TONOs jubileumskonserter.

Bakteppet for Simeons lovsong er denne: Jesusbarnet vart fødd i Betlehem, varsla av englar og hylla av gjetarar og vismenn. Då reinsingstida var til ende, tok Maria og Josef barnet med seg til templet i Jerusalem. Simeon, «ein rettferdig og gudleg mann som venta på Israels troyst» hadde vitna at han ikkje ville fara or verda før han hadde sett Herrens Messias. No kom Simeon til templet. Då han såg barnet, tok han det på armene og lova Gud og sa: *Nunc dimittis Domine servum tuum in pace* / Herre, no let du tenaren din fara herifrå i fred.

Verket nyttar same syklysteknikk som *Magnificat*, men i noko lengre spenn. Her er modellen ein firetakters fast harmonisk progresjon, som så vert repetert om og om, som i ein chaconne (ostinat musikkform med variasjonar over eit gjenteke harmoniskjema), men alltid på nye tonale plan. No er det *kvintfall* som gjeld, gjennom heile komposisjonen. Soleis passerer ein òg her alle 12 tonaliteter — fleire gonger.

Melodisk brukar eg her for første gong *sorg-motivet* (*Nunc*): ein stor sekund opp frå utgangstonen, deretter ned ein liten ters (tilsvarande ornamentet *etterslag* eller *echappée*), stundeviss ut-

smykka med ein ekstra tone, som i neste *Nunc*).

Også i *Nunc dimittis* føregår det ei veksling mellom latinsk og engelsk tekst; Simeon frambrer alltid det sjølvopplevde 'forståeleg' bodskapet, medan koret representerer den liturgiske kyrkje-tradisjonen (latin).

Stykket er, som *Magnificat*, inndelt i fleire deler. Etter den innleiande delen kjem ein solo-meditasjon, *For behold mine eyes*. Deretter fylgjer ein to-korig seksjon med solist, inspirert av mellomalderens antifonale korpraksis med eit *hochchor* (SSAT) og eit *tiefchor* (ATBB). Kora har her fått nemninga *Decani* og *Cantoris* ('Dec' & 'Can') som i den anglikanske kyrkja; *Dec* er oppstilt der 'the Dean' befinn seg; på sørsida av koret, og *Can* er halden av 'the Cantor', på nordsida.

Også dette verket inneheld ein oppsummerande *chant*, framborn på nynorsk.

Til sist kjem ein reprise av opningsdelen, med den skilnaden at Simeon åleine tonar ut sin lovsong, reide til å fara herifrå i fred, sidan han no har sett Frelsaren.

3 Benedictus Dominus op. 1c (1983) for tenor solo, kor (SATB) og orgel vart tinga av koret *Con Spirito* under leiding av Helge Birkeland.

Settinga er denne: Sakarja, som gjer presteneste i Jerusalem, er barnlaus, for Elisabet, kona hans kan ikkje få barn, og begge er opp i åra komne. Ein engel gjev han lovnad om at dei skal eiga ein son og kalla han Johannes (døyparen — som skal førebu vegen for Jesus).

Men Sakarja kan ikkje tru det han høyrer, og til straff tek engelen målet ifrå han, til dagen det hender. Så kjem tida, og Elisabet føder ein son. Då dei åtte dagar etter ber han fram i templet, får Sakarja att mål og mæle, og lovar Gud og kvad: *Benedictus Dominus Deus Israel* / Lov vere Herren, Israels Gud!

Kronologisk sett skulle nok Sakarja lovsong ha kome først i trilogien. Av musikalske grunnar har den fått koma til sist, som den tyngste og mest finaleprega av dei tre.

Verket byggjer på den gregorianske Benedictus Dominus-melodien i V. salmetone (lydisk).

Overgangen 'frå stum til talande' er i verket skildra på fylgjande måte: På norsk er første konsonanten i teksten *L*, som vert danna ved at 'tunga heng fast ved ganen'. Solisten held lengre enn vanleg på denne L'en, før han 'vert fri' og kan bryta ut i lovsong: «L — ova vere Gud!» Den same verknaden er overført til den engelske utgåva: *bL* — *es-sed* be the Lord!

Første del er ein *jubilo*s på Benedictus Dominus-sekvensen.

Frå andre del, *Quia visitavit*, er same teknikk som i *Nunc dimittis* teken i bruk: ein fire-takters chaconne, først presentert i F-tonalitet, så i B,

kvinten under — for dei neste fire takter, så i Ess osv. i ein konstant, fallande sykklus som fraktar satsen fleire gonger kring kvintsirkelen.

Sjølv om tekstfordelinga hovudsakleg tilgodeser koret med latinsk tekst, og solisten med engelsk, skifter dei rollar i større grad i dette verket. Til dømes fordeler dei i denne delen utelukkande den latinske teksten mellom seg, satsen til ende. Delen kulminerer i ein kort fugeeksposisjon på orda *Sicut locutus*.

I tredje del, *Ad faciendam misericordiam* / *To perform the mercy* i 6/8-takt, intimerer solisten først med engelsk tekst i ein voggesongliknande karakter, til korets latinske versjon av same. Men midtvegs tek koret over den engelskspråklege formidlinga.

Så fylgjer ein friare meditasjon for solist og orgel: *And thou, child*, med akkordar i vekslande dur- og mollvariantar i akkompagnementet.

Chanten *Lova vere Herren, Israels Gud*, samlar så i seg heile teksten — på norsk.

Verket avsluttar med ein utvida reprise av første del, *Benedictus Dominus*.

4-6 Nox praecessit op. 19 for kor (SSAATTBB) a cappella (1987) vart tinga av koret *Con Spirito*, dir. Helge Birkeland, og urframført i Trefoldighetskirken, Oslo.

Verket omhandlar skjærtorsdag i den stille veka. Han som folket ventar på, kjem — ikkje som ein mektig jordisk fyrste, men ridande på ein asenfole inn i byen, til døden han skal lida. Tekstutvalet er henta frå både Det gamle og Det nye testamentet, og handlinga i stykket får om-lag den retninga som er skildra nedom:

4 1. sats: Nox praecessit uttrykkjer uro og otte over at natta lid og dagen er nært foreståande, og fortviling over at ingen er funnen verdige til å opna boka med dei sju segla. Inntil nokon sannkjenner at boka alt er opna av 'lova frå Jda'.

Tonika-akkorden (b-moll) er gjennomgåande i heile satsen, og vert støtt repetert i dei to nedste stemmene, til eit statisk og suggererande uttrykk i vekslande 6/8- og 7/8-rytme, først som tett mollakkord i det djupe registeret, deretter i oppåtgåande omvendingar. På dette enkle harmoniske grunnlaget byggjer det seg opp klanglege spenningar m.a. ved polytonale verkemiddel. Grunnakkorden ovrar seg mot slutten i ulike duromvendingar.

5 2. sats: Transite per portas opnar med spontan, folkeleg (og ureflektert) jubel, og påbod om vidopne portar for han som er funnen verdig. Folkefagnaden tagnar imidlertid ved Jesu ord: *Regnum meum* (bass-solo), om at

hans rike ikkje er av denne verda. Kristus tilkjennegjev si oppgåve: å trøysta dei syrgjande og gjeva dei ævelege verdjar. Fagnaden tiltek mot slutten av satsen, men no i ei djupare forståing.

Satsen byggjer på ein spegelteknikk, der Esser (stort sett taus) sentraltone, og alle stemmene ordnar seg kring denne i tonal symmetri.

6 3. sats: *Sion non dissolvantur manus tuae* skildrar trøyst framom solrenninga, og gleda over vatnet som ein med fagnad får ausa or frelseskjeldene. Verket avsluttar med Jesu førebuing til opptoget i Jerusalem på skjærtorsdag, før han skal lida og døy. Han ber dei henta asemet og folen avdi «Herren har bruk for dei» til sitt audmjuke kongelege inntog i våre liv.

Satsen er ei spegelvending av 1. sats, med ein gjennomgåande tonika-akkord som no startar i dur, går over i moll og til sist endar i ei kviskring: *Ite in castellum!* / Gå inn i byen!

7 Du som låg i natti seine, frå op. 90, for kor (SSATBB) (2012). Diktaren Jakob Sande (1906-67) frå Dale i Sunnfjord, gav ut dikt- og novellsamlingar som omhandlar vestlandsnaturen, livet på bygda, sjomannslivet, og kjærleiken og døden. Dikta vekslar frå grotesk humor til kjensladede og inderleg poesi.

Han skreiv òg to salmar, julesongen *Det lyser i stille grender* og *Salme: Du som låg i natti seine*, sistnemnde utgjeven i diktsamlinga *Storm frå vest* i 1931.

Salma, som omhandlar skjærtorsdags natt i Getsemane der Jesus vart sviken av sine næraste — og krossfesting, liding og død langfredag, vart sett som kontrapunkt til eige nederlag og tvil, og avsluttar med ei bøn om styrking av vår veike tru.

Salma har vorte tonesett både av Fred Ove Reksten og Rolf Karlsen (i 1973). Med sistnemnde sin melodi fekk ho plass i Norsk Salmebok, 1985.

Herverande versjon kom til i kantaten *Mi sjel er ei eolsharpe*, op. 90 (2012) for solistsektetten *Nordic Voices* og sinfonietta, med dei fire versa spreidde utover som a cappella-stasjonar i kantaten. Versa er i herverande innspeling for første gong sette saman til ein einskap.

Salma, som er gjennomkomponert (med ulik melodi og harmonisering frå strofe til strofe) er ikkje, som dei tidlegare verka på denne CDen, underlagt eit på førehand uttenkt harmonisk system, men vektlegg meir ei nær tekstskildring, lidingsvegen igjennom, i ein tonedrakt som vekslar frå tett dissonans til open klårleik.

Komposisjonen vart skriven til Jakob Sande sin norske originaltekst. Men samarbeidet med eit utanlandsk kor fordra ein engelsk versjon, som sjølv sagt monaleg aukar teksten sitt ned-

slagsfelt. Kunsten er likevel å gjenskapa eit verk i eit nytt idiom, samstundes som ein greier å ivareta opphavsmaterialets kunstnarlege eigenart. Begge desse parameter er på ein framifrå måte oppfylte i den særskilde vakre og omsorgsfulle att-diktinga ved William H. Halverson, Minneapolis. Salma representerer det djupaste mørket i herverande sykklus.

8-10 **Psalmi**, op. 70, for kor (SSAATTBB) (1998-2003). Verka på denne CD'en syner ulike kompositoriske utgangspunkt; frå organiserte harmoniske mønster til meir intuitiv tilnærming. Gong om anna ligg det elles gjerne eit musikalsk tradisjonsmateriale til grunn. Alt i opus 1c *Benedictus Dominus* er gregoriansk materiale tilstades. Gregorianske hymner og sekvensar har seinare ofte fått danna kompositorisk utgangspunkt, som i *Psalmi*, op. 70; ei opussamling av verka *Ego Clamavi*, op. 56, *Cantate Domino*, op. 70 og *Iubilare Deo*, op. 68. Det tok til med:

8 *Ego Clamavi*, op. 56 (1998) for kor SSAATTBB og S-solo. Sju europeiske komponistar vart oppmoda om å skriva eit verk for European Youth Choir. Tone-setjarane skulle ta utgangspunkt i kvar sin av skalaen sine sju kvite tangentar.

Mitt val fall på tonen E. To assosiasjonar fall i utgangspunktet i hop med E:

- 1) det 'mørke' frygiske modus frå E, med lågt 2. trinn (F) som kjenneteikn.
- 2) opningsbokstaven E i naudropet: *Ego clamavi*.

Verket, som tek utgangspunkt i *Ego Clamavi*, introitus til 29. sundag i kyrkjeåret, i III. kyrkjetoneart (frygisk), har fire hovuddeler, som alle startar og spreier seg ut frå tonen E; første gongen bokstavert ut med lydane E-go cla-ma-vi i ulike korstemmer. Innimellom korinnsettingsane vidarefører sopransolisten teksten i melismatisk meditasjon.

2. oppsats startar i orda *inclina aurem tuam*,
3. i *Exaudi Domine*, og 4. oppsats, 'reipren', startar med perkussive utrop på *Ego Clamavi*.

Stykket endar i ein Coda der sopransolisten gjev eit slags trøystande kontrapunkt i norsk folketone-ande, i det motpols lysare *lydiske* modus, til dei meir optimistiske og lovnadsrike orda: *quoniam exaudisti me, Deus* / for du svarar meg, Gud.

Verket, som opphavleg hadde sitt eige opusnummer, men etterkvart vart innlemma i opus 70 saman med *Iubilare Deo* og *Cantate Domino*, vart urframført av European Youth Choir i Cité de la musique i Paris i 1998, og har seinare vorte framført av ei rekke kor i Noreg, Canada og andre land.

9 *Cantate Domino*, op. 70, for kor SSAATTBB (2003), det *eigentlege* opus 70, kom sist av dei tre.

Verket er ei lovsalme som byggjer på *Cantate Domino*, «versus alleluia» til 22. sundag i kyrkjeåret, i VIII. kyrkjetoneart (mixolydisk). Tekstgrunnlaget er Salme 98: 'Syng for Herren ein ny song' — men opnar med eit Alleluia (hebr. *hallelah*): ei oppmoding om å prisja Guds (*Jah* — *Jahve* eller *Jehovas*) namn.

Så fylgjer *Cantate Domino canticum novum* i ulike klanggrupper; *quia mirabilia fecit* / for han har gjort under.

I neste oppsats, *Iubilare Deo omnis terra* / Ropa med frygd for Herren all jordi, er framgangen inspirert av den gregorianske songens talerytme — omgjort til metrikk ved støtt vekslende taktarter.

Ei oppmoding om å lovsyngja Herren in *psalterio et cithara* / med harpa og sitar — får i koret eit instrumentalt 'klimperande' svar, medan *tubis ductilibus, et voce tubae corneae* / lurar og basunklang vert utmåla i brei 'messingblåseklang.' *Quoniam venit* / for han kjem — får stor og fantareaktig merksemd, medan *judicare terram* / og vil døma jorda — meir er framlagt på eit indre plan — fram til eit siste og avfarsert *cantate*.

Så fylgjer reipren av *Alleluia*, og avslutning i ein mellomaldersk lydsk-liknande kadens.

Verket vart urframført i Ottawa og Montreal i 2007, ved koret Voces Boreales, dir. Michael Zaugg.

10 *Iubilare Deo*, op. 68, for kor SSAATTBB (2003) tek utgangspunkt i offertoriet til 1. tysdag i kyrkjeåret, i V. kyrkjetoneart (lydisk), med tekst frå Salme 100, ein lovprisningssalme.

Satsen opnar med utropet *Iubilare Deo, omnis terra!* / Ropa med frygd for Herren, all jorda! — *Servite Domino in laetitia* / Ten Herren med gleda! der særleg orda *iubilare* (ropa) og *laetitia* (glede) vert utmåla i eit utstrøkt jubilus, som tynest ned til ei einstonig, indre *laetitia*.

Dette fører inn i eit rolegare satsavsnitt *Introite*, skildra meir som eit møte på det personlege plan enn i dei store skarars perspektiv, der termen *confessione* vert tilagd større tyngd enn omsetjinga *takk*. Perspektivet vert så lyfta, inn mot *atria ejus* / hans føregardar.

Laudate nomen ejus får atter lyda som ein indre lovsong — med ekko frå alle store gjerningar i frelsessoga — og omtalen *quoniam suavis est Dominus* / for Herren er god, og *miserericordia ejus* / hans miskunn — først er halden nede, men så lyftest til jubel.

Satsen endar med første del av opninga, *Iubilare Deo, omnis terra*.

Verket var tinga av Follo kammerkor som ei jubileumsgåve til dirigenten Tom Wiklund i 2003, og urframført i Ski kyrkje same året.

11 **Guds Søn har gjort mig fri**, op. 72, for kor SSAATTBB (2004) vart skriven til Oslo Internasjonale Griegfestivalens komposisjonskonkurranse i 2004. Årets innfallsvinkel var å nytta tekstar som Grieg sjølv hadde tonesett. Valet fall på ei av dei fire Grieg-salmene, *Guds Søn har gjort meg fri*, med tekst av pietismens store danske salmediktar, Hans Adolf Brorson (1694-1764). Brorsons lyriske kunst spenner frå seinbarokk med omskrivingar, motstillingar, tungt samansette ord og krass realisme, til leikande rokokko i arabeskeaktige versformer, overrisla av utsøkte rim.

Guds Søn har gjort mig fri er henta frå hans *Svane-Sang*, utgjeven i 1765, året etter diktarens død. *Svane-Sang* omtalar lengten etter døden som den utfriande vegen til Jesus. Salma er den mest leikne og jublende av dei fire i Griegs opus 74; den utgjer Brorsons sigersjubel over evangeliets konsekvensar, i tre strofer med fire gonger fem verseliner, i fylgjande versemål: 6-6-4-4-8 / 6-6-4-4-6 / 8-8-2-2-6 / 8-8-4-4-6, og rimfylgja A-A-B-B-B / C-C-D-D-D / E-E-F-F-F / G-G-E-E-E, alle med mannleg rimutgang.



Herverande tonesetting er gjennomkomponert, med alle tre strofer i ulik melodi og harmonisering, i ei nær og direkte tolking av teksten.

På same vis som med *Du som låg i natti seine*, er denne komposisjonen (som her får si urframføring) skriven til den dansk/norske originalteksten. William H. Halversons omsetjing til engelsk greier på meisterleg vis å gjenskapa Brorsons leik med rim og rytme, samt det pietist-/naivistisk litterære stilnivået.

I motsetnad til *Magnificat*, som òg kom til som resultat av ein komposisjonskonkurranse, vann dette verket ingen pris — med grunnngjevinga at det var for vanskeleg og lite songbert for norske kor.

For Latvia Radiokor og dirigenten Sigvards Klava, tykkjest det derimot ikkje å ha bydd på nemnande motstand.

KJELL HABBESTAD



ET NOX IN DIEM VERSA

Everything is a circle, in a way—.

For example, I have always visualized the calendar year as a wheel, where January starts at the very bottom. Then the year climbs upwards on the western side, heading towards July—from 12:00 to 1:00. Thus Midsummer's Day is north and Christmas south, with the summer and winter solstices approximating the positions of the magnetic poles.

The church year, too, can be viewed as a circle. The Advent/Christmas season starts at 5:00 and concludes at 6:00, which is New Year's Day. 6:00 to 7:30 marks Epiphany, 7:30 to 8:30 is Lent. Then comes Holy Week culminating in Easter Sunday between 9:00 and 9:30, followed by the Day of Pentecost at 10:30. Then follows Trinitytide—the long period from Pentecost to the beginning of Advent when there are no major Christian holidays.

Colors, too, can be arranged in a circle, from dark to light, with complementary colors appearing on opposite portions of the circle.

In music we have what is called the circle of fifths, which shows the relationships among the 12 pitch classes of the chromatic scale. The first three tracks on this CD—3 *Cantica*—make use of this circle: C major in the 'north' and F# in the 'south' are directly opposite one another on the circle of fifths and are complementary tonalities. The tritone interval—the diminished fifth—plays a major role, especially in *Magnificat*, and the twelve-tone harmonic circle in all three.

The church year portrays the story of salvation and places the whole New Testament around the circle: The Annunciation, the birth of Jesus, his revelation as the Son of God, his ministry, suffering, death, resurrection and ascension, the giving of the Holy Spirit, and so on.

The works on this CD are arranged in an order that approximates this circle. The title is taken from a stanza in the Christmas hymn, *Lo How a Rose E'er Blooming*, stanza 3, the concluding line of which is "And night turned into day" / *Et nox in diem versa*—.

Cantica, or *Tria Cantica Testamenti Novi* / Three New Testament Canticles constitute opus 1. It is probably only *Magnificat* (1978) that fully deserves this designation, as the other two came somewhat later—*Nunc dimittis* in 1979 and *Benedictus Dominus* in 1983—and after some other works. Textually, however, they belong together, and for that reason they were assigned a single opus number.

1 **Magnificat**, op. 1a (1978) for 2 soprano soloists, choir (SSAATTBB) and organ, has the

following biblical-historical backdrop: an angel sent by God tells the virgin Mary that she will bear a son and name him Jesus, and he will be king over the house of Jacob forever. Mary goes to see her relative Elizabeth, who has received a similar message (about John the Baptist). In her encounter with Mary, Elizabeth speaks the words the church later included in the Ave Maria text: *Benedicta tu in mulieribus a Benedictus fructus ventris tui* / Blessed art thou among women and blessed is the fruit of thy womb! And Mary replies:

Magnificat anima mea Dominum / My soul doth magnify the Lord

As a student of church music at The Norwegian Academy of Music I took a course in compositional technique. One of the assignments was to compose a piece based on one type of interval (minor second, major second, perfect fourth, or whatever).

The text I selected for this assignment was *Magnificat*, which begins with the words, "My soul." As the "soul-chord" I chose the tritone (in this case a perfect fourth) interval - with one tone striving upwards, *one* (the seventh) striving downwards, and *one* stable core (the home key, if one considers the chord as a dominant seventh):



To counteract the inclination of the dominant toward the tonic, I moved the chord downward by one whole step. Thereafter I alternated between whole-step and half-step shifts, which produced the following harmonic sequence: Bb7 – Ab7, F7 – Eb7, C7 – Bb7, G7 – F7 etc. This creates a constant exchange between the two whole-tone scales and creates a 'twelve-harmonic' cycle of 24 chords – before returning to the point of departure.

The chords were spread out over the score, one per bar for 24 bars, in a declining series wherein the pitch was raised up one octave at bars 9 and 17. My task then was to find melodic paths from one tritone chord to the next.

The composition was supplied with an 'objective' text in the traditional language of the church (Latin), primarily in the choir, in combination with a 'subjective' / vernacular text (Norwegian, sometimes English) in the solo voices.

Instead of opening the work with great panache, I chose to depict a devout and awestruck Mary trying to comprehend the momentous role to which she had been called. The composition begins with a meditation on the word *anima* (soul), represented melodically by the tritone interval. The choir also samples the

'soul-chord' and considers it from different angles. Then begins the harmonically descending cycle during the soloist duet *Magnificat anima mea Dominum*.

The same 24-bar cycle continues in the section *And my spirit hath rejoiced in God* – now with a more pronounced emphasis on the switch between the two whole-tone scales. This section ends in a large whole-tone cluster.

In the section *For he hath regarded the low estate of his handmaiden* the 'wheel' turns. The cycle now *ascends* in 2 x 24 bars. The mood has changed to a cautious outburst of joy in a jazz-inspired vocal duet undergirded by a walking bass accompaniment.

In the next section the harmonic series is presented in an Anglican chant, a special recitation form used in the Anglican church. The natural rhythm of speech in nonmetric texts (the Psalms, for example) was applied in a four-voice section with a fixed pattern of seven or 14 beats. Most of the words were freely declaimed on recitation chords on beats 1, 4, 8 and 11; the remaining syllables were assigned to the notes at the end of each half verse.

The only thing here that deviates from tradition is the implementation of the harmonic tritone progression. Even the concluding Amen does not provide a resolution in which the tritone tension is abandoned.

It is likely that the Anglican chants originally developed in order to give musical garb to the vernacular version of the psalter—in accordance with Martin Luther's views. In this recording, the same idea has led to the use of a *Norwegian* choir to sing a vernacular summary of the text. The Oslo Cathedral Choir, directed by Vivianne Sydnæs and with Kåre Nordstoga at the organ, performs the Norwegian-language chants, alternating in all three canticles with the Latvian Radio Choir in an exciting two-choir relay.

The first 24 bars of the *Magnificat* are recapitulated at the end—and the wheel stops in a grand Eb major chord.

The composition was awarded first prize in 1978 in a competition sponsored by TONO, the copyright bureau for Norwegian composers, as part of the celebration of the 50th anniversary of its founding in 1928. It marked my debut as a composer.

2 **Nunc Dimittis** op. 1b (1979) for baritone solo, choir (SSAT / ATBB) and organ was commissioned by the Nordstrand church choir, directed by Terje Kvam, in response to *Magnificat*, which this choir performed during TONO's jubilee concert.

The backdrop of Simeon's song of praise is this: Jesus is born in Bethlehem, hailed by angels and lauded by shepherds and wise men.

When the period of purification is over, Mary and Joseph take the child to the temple in Jerusalem. Simeon, "a just and devout man, waiting for the consolation of Israel," had been told that he will not depart this life before he has seen God's Messiah. Simeon comes to the temple. When he sees the child he takes him in his arms and says, *Nunc dimittis Domine servum tuum in pace* / Lord, now lettest thou thy servant depart in peace.

The composition employs the same cycle technique as *Magnificat*, but in somewhat longer spans. Here the model is a four-bar fixed harmonic progression that is repeated over and over again, as in a *chaconne* (an *ostinato* music form with variations over a repeated harmonic pattern), but always on a new tonal level. Here it is descending fifths, one after another, through the whole composition. Thus here, too, one passes through all 12 tonalities—several times.

Melodically, I use here for the first time the *grief motive* (*Nunc*): a major second up from the starting tone, then down a minor third (equivalent to the ornamental after-beat or *echappée*), sometimes embellished with an extra tone, as in the second *Nunc*.

In *Nunc dimittis* there is also an alternation between Latin and English texts. Simeon always uses the vernacular—the language that everyone understands—whereas the choir represents the liturgical church tradition (Latin).

Like *Magnificat*, the piece comprises several sections. After the introductory section comes a solo meditation, *For behold mine eyes*. Then follows a two-choir section with soloist, inspired by the antiphonal choral practice of the Middle Ages with a *hochchor* (SSAT) and a *tiefchor* (ATBB). I call them the *Decani* and *Cantoris* ('Dec & Can') as in the Anglican church; Dec is placed where 'The Dean' is located, on the south side of the choir, and Can is situated by 'The Cantor', on the north side.

This work, too, contains a summarizing *chant* in Norwegian.

The composition concludes with a reprise of the opening section, with the difference that Simeon alone sings his song of praise, ready to depart in peace, having now seen the Saviour.

3 **Benedictus Dominus** op. 1c (1983) for tenor solo, choir (SATB) and organ was commissioned by the choir *Con Spirito* under the leadership of Helge Birkeland.

The setting is this: Zechariah, who serves as a priest in Jerusalem, is childless. His wife Elizabeth is barren, and both are beyond normal child-bearing age. An angel promises him that they will have a son and directs that he shall be called John (John the Baptist, who will prepare the way for Jesus).

But Zechariah cannot believe what he hears, and to punish him for his disbelief the angel takes away his voice until the day the child is born. The day comes, and Elizabeth gives birth to a son. After eight days, when they present him in the temple, Zechariah recovers his voice, whereupon he cries out, *Benedictus Dominus Deus Israel* / Blessed be the Lord God of Israel!

Chronologically Zechariah's song of praise should have been placed second in the trilogy comprising op. 1. Musical considerations, however—it is the heaviest of the three and has the character of a finale—led to the decision to place it last.

The work builds on the Gregorian *Benedictus Dominus* melody in the fifth mode (Lydian).

The transition 'from mute to speaking' is portrayed in the work in the following way: In Norwegian the first consonant in the text is *L*, which is formed by holding one's tongue against the roof of one's mouth. The soloist dwells longer than usual on this *L* before his tongue is loosed and he can shout his song of praise, "*L...ova vera Gud!*" The same device is transferred to the English edition: "*bL...essed be the Lord!*"

The first section is a *jubilos* on the *Benedictus Dominus* sequence.

In the second section, *Quia visitavit*, the same technique used in *Nunc dimittis* is employed: a four-bar *chaconne*, first presented in F, then Bb—a fifth lower—for the next four bars, then in Eb etc. in a constant descending cycle that traverses the circle of fifths several times.

Although the text distribution mainly assigns the Latin text to the choir and the English to the soloist, they switch roles more frequently in this composition than in its predecessors. In this section, for example, both soloist and choir sing only Latin. The section culminates in a short fugue exposition on the words *Sicut locutus*.

In the third section, *Ad faciendam misericordiam* / To perform the mercy, in 6/8 time, the soloist first sings the English version of the text in a lullaby-like setting, but part way through the choir picks it up and completes it, also in English.

Then follows a freer meditation for soloist and organ, *And thou, child*, with alternating major and minor variants of each chord in the accompaniment.

The chant *Lova vere Herren, Israels Gud* then intones the complete text—in Norwegian.

The work concludes with an extended reprise of the first section, *Benedictus Dominus*.

4-6 **Nox praecessit** op. 19 for choir (SSAATTBB) a cappella (1987) was commissioned by the choir *Con Spirito*, directed by Helge Birkeland, and premiered at Trinity Church, Oslo.

The work deals with Maundy Thursday. He for

whom the people were waiting came—not as a powerful earthly prince but riding on a donkey into the city to suffer and die on the cross. The text consists of passages from both the Old and New Testaments. The handling of the texts in the piece proceeds as follows:

4. 1st movement: *Nox praecessit* expresses unease and awe that night is passing and the new day is dawning, and despair that no one is found worthy to open the book with the seven seals—until someone recognizes that the book has already been opened by the 'lion from Judah.'

The tonic chord (Bb minor) is maintained throughout the movement and is constantly supported by repetition in the two lowest voices, all in the context of a static and dream-like expression in alternating 6/8 and 7/8 rhythm, first as a minor chord in the root position in the low register, then moving upward in the registry via inverted minor chords. This simple harmonic scheme provides the foundation for sonic tensions created by polytonal means. The aforementioned tonic chord comes to the fore near the end of the movement in a variety of major keys.

5. 2nd movement: *Transite per portas* opens with spontaneous, folk-like cheers, and a command to open wide the gates for the one who is deemed worthy. The festive spirit is interrupted, however, by Jesus' words, *Regnum meum* (bass solo), that his kingdom is not of this world. In so saying, Christ intimated that his mission was to console the sorrowing and to give them eternal treasures. The celebratory spirit returns near the end of the movement, but now in a way that reflects a deeper understanding.

The movement employs a mirror technique, where Eb (rarely sounded) is the tonal center and all the voices relate to this center in tonal symmetry.

6. 3rd movement: *Sion non dissolvantur manus tuae* expresses assurance that the night will soon be over and joy that water shall be drawn with gladness from the wells of salvation. The work concludes with Jesus' preparation for the procession on Holy Thursday into Jerusalem, where he must suffer and die. He asks his disciples to fetch a donkey, for "The Lord has need of it" for his humble royal entry into our lives.

The movement is a mirror image of the first movement, with a pervasive tonic chord that starts in major, then goes into minor and ultimately ends with the choir whispering: *Ite in Castellum!* / Go into the city!

7 **You Who Kneled in Darkness Quaking**, from op. 90, for choir (SSATBB) (2012). The poet

Jakob Sande (1906-67), who was from Dale in Sunnfjord, published books of poetry and short story collections that deal with the spectacular scenery of western Norway, life in the villages, sailor life, love and death. The poems vary in mood from grotesque humor to expressions of deep feeling and fervency.

He also wrote two hymns: the Christmas song, *The Lights in the Hamlets are Glowing*, and the Holy Week hymn, *You Who Kneled in Darkness Quaking*. The latter was published in *Storm frå vest* (Storm from the West), a collection of poems that appeared in 1931.

The hymn deals with the Maundy Thursday night in Gethsemane, when Jesus was forsaken by those nearest to him, and his suffering, crucifixion and death on Good Friday—all of which are viewed in contrast to our own failures and doubts. The poem concludes with a prayer for the strengthening of our weak faith.

This text has been previously set by both Fred Ove Reksen and Rolf Karlsen (1973). Karlsen's tune was included in *Norsk Salmebok* (Norwegian Hymn Book), published in 1985.

My setting was written as part of the cantata, *Mi sjel er ei eolsharpe* (My Soul is an Aeolian Harp), op. 90 (2012), for the sextet *Nordic Voices* and sinfonietta. In the cantata the four verses appear episodically, thereby serving as a *cappella* stations in the larger work. The present recording marks the first time this setting has been presented as a separate composition.

Unlike the preceding works on this CD, the hymn was not written in accordance with a preconceived harmonic pattern. It is through-composed, with both melody and harmonization varying from verse to verse, in an attempt to clothe the text—the gripping story of the suffering and death of Christ—in a musical garb that varies from dense dissonance to open clarity.

The piece was first composed using Jakob Sande's original Norwegian text. Collaboration with a non-Norwegian choir, however, required an English version, which obviously increases its accessibility immeasurably. The challenge for the translator is to recreate a poetic work in a new idiom while still preserving the artistic uniqueness of the original. Both requirements have been admirably fulfilled in the exceptionally beautiful and sensitive version by William H. Halverson, Minneapolis.

The hymn constitutes the moment of deepest darkness in the cycle of works presented in this recording.

8-10 **Psalmi**, op. 70, for choir (SSAATTBB) (1998-2003) The works on this CD represent a variety of compositional approaches ranging from a pre-planned harmonic pattern to a more intuitive approach. Occasionally a musical idea

is derived from a traditional source: as early as in opus 1c, *Benedictus Dominus*, Gregorian material is present. Gregorian hymns and sequences have also served as compositional starting points in some of my later works, including *Psalmi*, op. 70, which combines *Ego Clamavi*, op. 56, *Cantate Domino*, op. 70 and *Iubilare Deo*, op. 68, in a single opus.

The first of these in order of composition was:

8 *Ego Clamavi*, op. 56 (1998) for choir SSAA-TTBB and soprano solo. Seven European composers were challenged to compose a work for the European Youth Choir. The compositions were to be in a key based on one of the seven "white keys" on the piano. I chose E, in connection with which two associations came immediately to mind:

1) the 'dark' Phrygian mode based on E, with its hallmark lowered second step (F).

2) the initial letter E in the Psalmist's cry for divine help: *Ego Clamavi*.

My composition, which takes as its point of departure the introit for the 29th Sunday of the church year—a sequence in the third (Phrygian) mode—has four main parts. All four start on E and spread out from there—in the first section quite literally as the words *E-go cla-ma-vi* are intoned by various sections of the choir. Against this choral background the soprano soloist continues with the text in a melismatic meditation.

The second section starts with the words *inclina aurem tuam*, the third in *Exaudi Domine*, and the fourth—the 'recapitulation'—starts with a percussive exclamation on the words *Ego clamavi*.

